



Frode Malm
Dalane 3b
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2548 - 23/24197

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
27.03.2023

Svar på spørsmål rundt vannmålere og forbruk - gbnr 108/225 Lindås

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til Dykkar e-post datert 22.03.2023.

Alle abonnentar som har kommunalt vatn, har rett til å betale etter målt forbruk. Når ein skal installere vassmålare på eksisterande tilknytning, gjer ein ei endring av eksisterande abonnement. Denne endringa er søknadspliktig tiltak.

Søknadsplikt:

Før ein kan gjere endringar på eksisterande tilknytningar, skal røyrleggar ha søkt om og fått løyve til dette. Søknadsplikt er heimla i Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser 2.2 Søknad om endring.

I enkeltvedtak får røyrleggar godkjenning til å hente ut kommunal vassmålare. Målare vert ikkje levert ut før det ligg føre slik godkjenning.

Når kommunen har godkjent arbeidet, kan røyrleggar be deg om å hente ut målaren. Du må da ta kontakt med kommunen for å avtale tid for utlevering. Kontaktinformasjon vert gitt i løyvet. På utleveringsskjema skal det førast inn opplysningar om kven som skal installere målare. Når målare er installert, skal røyrleggar sende inn registreringsmelding til kommunen. Dette for at kommunen skal få registrert målare i systemet slik at avlesing kan registrerast. Dersom det ikkje blir sendt inn registreringsmelding på målare vil kommunen fakturere forbruk etter forskrift.

Gebyr:

Når det gjeld spørsmål om målt forbruk vil ha effekt på tidlegare fakturert forbruk, er svaret nei. Forbruk som vert målt av vassmålaren vil ikkje ha tilbakeverkande kraft. Gebyr som er fakturert før installert av målare, er fakturert med heimel i kommunen sitt gebyrregulativ.

Målt forbruk vil gjelde frå den dag målare er installert og registrert i kommunen sitt system. Røyrleggar skal gje opplysningar om kva forbruk ein forventar å ha i løpet av eit år. Dette vert grunnlag for vidare fakturering. Ved målareoppgjer ved årsslutt, vil av lest forbruk vise om ein har betalt inn for mykje eller for lite i gebyr. Kommunen vil da gjere ei avrekning på neste faktura.

Abonnenten skal sende inn målarstand (målt forbruk):

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

I Alver kommune er det i forskrift om vass- og avløpsgebyr fastsett at kommunen skal eige vassmålalar og at abonnent skal betale leige for målar. Abonnenten skal avlese målar og sende inn målarstand til kommunen.

§ 4-2 . Eigarforhold og kostnad:

Kommunen eig og kostar vassmålaren. Abonnenten betalar leige for vassmålaren og har ansvar for utgiftene til installering, tilsyn, drift og utskifting. Pris for leige av vassmålalar går fram av gebyrregulativet.

I § 4-3 Avlesing står det:

Abonnenten skal lesa av vassmålaren og er ansvarleg for å senda inn målarstand til kommunen.

Ved feil eller manglande avlesing kan kommunen stipulere vassmengda ve skjøn , jf. § 3-4 pkt. 4. Kommunen kan sjølv lese av vassmålaren, og kan krevje at abonnenten dekker kostnaden ved avlesinga.

§ 4-4. Tilsyn og vedlikehald

Abonnenten skal føra tilsyn med målaren. Abonnenten er ansvarleg for å følgja med på utviklinga i forbruket, slik at lekkasjar eller andre feil blir oppdaga snarast mogeleg. Ved mistanke om avvik skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Tilsvarande skal abonnenten straks melde frå til kommunen dersom ein målar blir skadd eller går tapt, slik at kommunen kan stipulere vassmengda etter skjøn. Brot på plomberinga blir rekna for skade. Kommunen kan føra tilsyn med målaren. Kommunen skal difor ha uhindra tilgang til vassmålaren for inspeksjon og kontroll.

Forskrifta ligg på kommunen sin heimeside, legg ved lenke til denne:

[forskrift-om-vass--og-avlopsgebyr-i-alver-kommune-godkjent-nov.2022.pdf](#)

Straumleverandør/Bomselskap:

For å bevise eit forbruk må ein ha utstyr som måler dette.

Straumselskapa har, hos dei fleste abonnentane, montert digital avlesar i sikringsskap. Er det ikkje er digital avlesar, må kunden avlese ei analog målar i skapet. Dersom analoge avlesing ikkje vert sendt inn, vil straumselskapet stipulere eit forbruk. Straumrekninga er todelt, ei del som gjeld forbruk av straum og ei del som utgjør nettleige. Nettleige er det du betaler for å få straum til din bustad, for måleutstyr i skap, for drift og vedlikehald og utbetringar med meir.

Bompengeselskap må også nytte utstyr som registrerer passering av bom for å kunne fakturere kunden. Kunden kan be om ei brikke eller bli registrert ved hjelp kamera. Kva kunden vel å nytte kan påverke fakturagrunnlaget. Også her vil ei del av innbetalinga gå til nedbetaling av utstyr og drift og vedlikehald av dette.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Frode Malm

Dalane 3b

5955

LINDÅS